



MØTEBOK

Høyringsfråsegn til Sørheimutvalet si innstilling frå oktober 2007:

Utval sak	Utval	Møtedato
003/08	Formannskapet	23.01.08
003/08	Kommunestyret	23.01.08

"Forslag til forbedring av overføringssystemet for kommunene".

Bakgrunn:

Kommunal- og regionaldepartementet sette i 2006 ned eit utval, det såkalla Sørheimutvalet, for å vurdere inntektssystemet for kommunane. Utvalet leverte sin rapport 23 oktober 2007.

Departementet har no sendt denne rapporten på høyring, med svarfrist 28 januar 2008. Rapporten kan finnast på departementet si heimeside: www.krd.no.

Samandrag:

Sørheimutvalet foreslår fylgjande hovudpunkt til endringar i inntektssystemet.

Selskapsskatten blir foreslått tilbakeført til Staten, og provenyet lagt tilbake til kommunane gjennom skatt på allmenn inntekt.

Skatteutjevninga, der noverande symmetriske utjevning blir foreslått auka frå 55 til 60 %. Dette har ein viss positiv effekt for kommunar som ligg under landsgjennomsnittet, på kostnad av dei som ligg over.

Regionaltilskotet og distriktsdelen av skjønnsmidlane blir lagt inn i eit nytt distriktpolitisk tilskot. Verkeområdet blir noko utvida for kommunar i Sør Norge, ved at ibuargrensa (3000 – 3200) for regionaltilskotet vert fjerna, og øvre inntektsgrense blir auka frå 110 til 120 % av landsgjennomsnittet. 20 kommunar i Sør Norge med lav "distriktsindeks", mellom dei Fitjar, får ein sterk reduksjon eller bortfall av distriktilskotet, samanlikna med regionaltilskotet. For ei rekkje kommunar elles i Sør Norge vil omlegginga vera positiv.

Nord Norge tilskotet blir foreslått innteke i det nye distriktpolitiske tilskotet.

"Avrekningstidspunktet" for rammetilskotet, 1 januar i budsjettåret, blir flytta til 1 juli året før. Det sikrar at tala er klare til budsjettprosessen.

Skjønnsmidlane blir forslått redusert. Ein skjønsmessig "distriktsdel" av desse blir lagt til det nye distriktilskotet, og blir innlemma i det. (Ser ikkje ut til å gjelda Hordaland). Kompensasjon for tidlegare omleggingar av inntektssystema blir teke bort. Utvalet har ikkje vurdert samanhengen mellom lav inntektsevne i systemet, og høgt skjønstilskot. Truleg er det ein samanheng her.

Det blir foreslått ein vekstkompensasjon for kommunar med sterk vekst, finansiert av alle kommunane. Ein kan ikkje sjå at det er ein tilsvarande tapskompensasjon. Dette synest ulogisk.

Utvalet forslår ei ny, ikkje tidsavgrensa overgangsordning, med nedtrapping som ikkje er lineær, men knytt til utviklinga i kvar einskild kommune, samanlikna med landsgjennomsnittet (INGAR).

Utvalet har ikkje vurdert kostnadskompensasjonen i rammetilskotet eller skilnadene i inntektpotensialet frå kommune til kommune.

Innstillinga vil, dersom ho blir vedteken, ha ein sterk negativ effekt for Fitjar. Særleg gjeld det omlegginga frå regionaltilskot til distriktilskot, og delvis omlegginga av skjønstilskotet. Dette har vore dei einaste ordningane der

kommunen har fått noko kompensert for eit inntekspotensiale som elles ligg godt under landsgjennomsnittet.

Kommunen vil ha positiv effekt av auken i utjevninga, kulepunkt 2.

Auke i utjevninga vil verka positivt. Det vil imidlertid langt frå gje kommunar med svake inntekter ei skatteinntekt nær landsgjennomsnittet. For Fitjar vil det framleis vanta 5,3 %, eller 2,5 – 3,0 mill på landsgjennomsnitt (ca 3 % av frie inntekter).

Omlegginga av selskapsskatten vil ikkje ha stor effekt for Fitjar. Me kan ha positiv effekt av omlegginga (vil avhenga av storleik av selskapsskatt kvart år).

Korleis endringa i "avrekningstidspunktet" for rammetilskotet slår ut vil vera tilfeldig, avhengig av utvikling i folketalet. Prinsipielt er omlegginga "rett".

Redusert kompensasjonen for tidlegare tap i inntektssystema i skjønnsmidlane er negativ for Fitjar. Det er og ein stor risiko knytt til vår del av resten av skjønnsstilskotet.

Trekk som følgje av ordninga med kompensasjon for vekstkommunar blir kr 80.000 for Fitjar.

Dei forslåtte omleggingane vil kunna ha ein negativ effekt for Fitjar på 4,5 – 7 mill pr år, avhengig av korleis skjønnsstilskotet vil slå ut framover, og for kva år ein tek utgangspunkt i målingane på. Fitjar er dermed "sikra" ei inntekt godt under landsgjennomsnitt for framtida.

INGAR vil ikkje kompensera dette inntektstapet, men berre gje ei nedtrapping, og dermed utsetjing av verknaden.

Utgangspunkt for innstillinga:

Innstillinga tek utgangspunkt i **dagens overføringer gjennom skatt, skatteutjevning og rammetilskot.**

Utgreiinga foreslår ikkje endringar i utgiftskompensasjonen i rammetilskotet, og vurderer heller ikkje inntekter ut over skatt og rammetilskot.

Innstillinga er eit omfattende arbeid støtta av taloppstillingar på eit komplisert fagområde. Det er såleis vanskeleg å føreta ei grundig avveging av heile systemet i eit kort saksframstilling.

I stor grad må ein difor visa til utgreiingane i høyringsdokumentet.

Det er og ei utfordring at tala i høyringsfråsegna vekslar mellom tal for 2006 og 2007. For oss blir det og naudsynleg å ta med tal for 2008 for å få den korrekte verknaden av omlegginga.

Inntekter ut over frie inntekter.

Forskjellen mellom "rike" og "fattige" kommunar går ofte i kommunane si inntektsevne ut over skatt og rammeoverføringer, dvs kva tilleggsinntekter kommunane kan henta inn ut over dei frie inntektene. Dette vil variera frå kommune til kommune.

Det ser ut til å vera ein samanheng mellom høge skatteinntekter pr person, høgt grunnlag for selskapsskatt, og eit stort potensiale for andre inntekter. Dei som har mykje, har mykje av alt, dei som har lite, har stort sett lite av alt.

Inntektssystema har aldri teke mål av seg til å løysa alle desse utfordringane, som er det som skaper dei største forskjellane i kommunenorge, berre element av desse.

Den forslåtte omlegginga løyser knapt nokon av desse fundamentale utfordringane.

Alle kommunar har ei viss inntektsevne knytt til forretningsdrift, og høve til bruk av eigedomsskatt.

Nokre kommunar har store naturgitte ressursar, t.d vasskraft som kan gje store eigedomsskatteinntekter og naturressursskatt, delvis i tillegg til frie inntekter.

Andre kommunar kan ha inntekter knytt til ei investeringsbeslutning der kommunen "var heldig" og "fekkt" ei større industriutbygging eller liknande tillagt kommunen, (døme

Kårstø, Mongstad, Aukra), fleire industristader med prosessindustri (døme Karmøy, Kvinnherad, Årdal). Nabokommunen kan gjerne ha 0 i tilsvarande inntekter. Mange kommunar kan ha stort omfang av småindustri, forretningsdrift eller som gir godt grunnlag for eigedomsskatt, i tillegg til eit godt personinntektsnivå. Nokre kommunar kan ha inntekter frå forretningsdrift, som gjerne er historisk betinga, eller knytt til andre perifere inntekter. Så har me dei kommunane som ikkje har noko av dette. Inntektspotensialet vil her vera eigedomsskatt på verk og bruk, på private eigedommar og hytter. Det vil uansett vera eit lite potensiale, og med ein stor risiko for ein avvisingseffekt både ovanfor næringsliv og private innbyggjarar, dersom potensialet blir teke ut.

Utvalet er klare på at inntekter frå eigedomsskatt og konsesjonskraft ikkje skal dragast inn i skatteutjevninga.

Ein ville ynskja at desse forskjellane ville blitt teke meir omsyn til, slik at også desse kommunane kan ha ein sjanse til å få eit inntektsnivå ut over minimum i dei frie inntektene.

Det legg Sørheimutvalet ikkje opp til. Heller ikkje dei føregåande utvala har teke omsyn til slike fordelingar, sjøl om ekstraintektene fører til store forskjeller i kommunane sin evne til å tilby like tenester.

Etter mitt syn er dette den store veikskapen med inntektssystemet i dag, og den vil bli oppretthalde og gjerne styrkt ved Sørheimutvalet si innstilling.

Kort om hovedpunkta i innstillinga:

Fordeling mellom skatt og rammetilskot:

Utvalet er i mandatet bede om å sjå på fordelinga av kommunen sine inntekter mellom skatt og rammetilskot, og sjå på eventuelt behov for eit "sikringsnett" for å ivareta forholdet mellom forventa og faktiske inntekter. Di mer skatteinntekter kommunane får behalda, jo større blir forskjellen kommunane i mellom.

Skatten bør ha ei lokal forankring og dei som lukkast her skal lønast for godt utført arbeid. Fleire meiner at dette er både rett og rimelig, andre er heilt usamde.

Såleis meiner utvalet at ein betydeleg del av kommunane sine inntekter samla sett bør koma frå kommunale skatteinntekter, og at skatten sin andel bør liggja på rundt 50 % samla sett. (i 2007 er dette talet rekna til 48,2 %).

Fleirtalet vil ikkje gje nokon garanti for at dei kommunane som får store avvik mellom budsjetterte og faktiske skatteinntekter vil få kompensert dette.

Utjevning av skatteinntekt mellom kommunar:

Dagens inntektsutjevning er basert på ei symmetrisk utjevning, der kommunar som har under 100 % av landsgjennomsnittet i skatt pr ibuar får kompensert 55 % av dette, finansiert ved at kommunar med over 100 % betaler 55 % til utjevning.

Dessutan er det ein ekstra kompensasjon ved at kommunar som har gjennomsnittleg skatteinntekt mindre enn 90 %, får kompensert ytterlegare 35 % av differansen opp til 90 % av landsgjennomsnittet. Dvs "manglande" inntekt opp til 90 % av landsgjennomsnittet blir utjevna med 90 %. Denne ordninga er finansiert av alle kommunane.

Ein kommune med under 90 % i skatt pr innbyggjar, kan aldri nå opp i meir enn 95,5 % av landsgjennomsnittet. For Fitjar, som i 2006 hadde ca 86 % av landsgjennomsnittet medrekna selskapsskatten, er talet 93,5 % av landsgjennomsnittet. (tala vil endra seg noko kvart år).

Flertallet ynskjer å vidareføre denne modellen, men med 60 % i staden for 55 % utjevning, finansiert ved at kommunar med inntekt over 100 % betaler 60 %. Det tilseier at Fitjar sin andel vil auka til 94,7 %, og gje litt meir inntekt for Fitjar.

Høgre vil halda på dagens ordning, medan SP + V ynskjer at inntektene skal jevnast ut for alle kommunane opp til 95 % av landsgjennomsnittet, finansiert av kommunar med inntekt over 115 % av landsgjennomsnittet. Dette vil berre ha praktisk tyding for kommunar med svært lave inntekter.

Dersom fleirtalssynet blir resultatet, vil inntektene variere mer enn tidligare. Di mer skatteinntekter kommunane får behalda, jo større blir forskjellen kommunane i mellom. Samstundes er det ofte ein samanheng i dette at kommunar som har eit robust næringsliv, og med eit godt grunnlag for ekstraintekter (eigedomsskatt med mer) ofte er dei same som har skatteinntekt over minimum. Særleg vil dette gjelda når selskapsskatten kjem til.

Dersom inntektssystemet likevel skal endrast bør Fitjar gå inn for den føreslegne endringa frå som aukar utjevninga frå 55 til 60 %. Dette må vera prinsipielt rett for at kommunane i heile Norge skal få eit mest mogleg likt inntektsgrunnlag pr ibuar. Men dette utgjør (for 2006) berre ein auke for Fitjar frå 93,5 til 94,7 % av totale skatteinntekter for kommunen, dvs kr. 600. – 700.000 kvart år.

Mi meining:

Me kan leva med dagens modell, og uheldige utslag kan kompensast uten at heile inntekts-

systemet må reviderast. Det vart gjort i 2006 då regionaltilskotet vart auka for dei minste kommunene (gjerne med sviktande folketal). For staten var dette et rimelig tiltak og for de kommunene det galdt vart det skapt ny optimisme.

Me må likevel være merksame på at storsamfunnet er av den oppfatning at mange fråflyttingskommunar har hatt ei betre inntektsutvikling enn storkommunane.

Selskapsskatten:

Argumentasjonen her er mykje lik den som gjeld skatt. Fleire ynskjer å behalda dagens modell – for å gi litt tilbake til dei kommunane som har store bedrifter / næringsaktiviteter innanfor sine kommunegrenser.

Mindretallet meiner at dette blir eit kunstig skilje. Det er tilfellet som rår. Dei ynskjer difor å ta bort selskapsskatten frå kommunane, og føra summen over til allmenn skatt på personar og formue.

Selskapsskatten inngår i inntektsutjevninga, og effekten blir uansett liten for kommunar med lave inntekter pr innbyggjar.

Det er i utvalet ikkje fleirtal for nokon konklusjon.

For Fitjar blir effekten liten. Dersom ein ser selskapsskatten for tidsrommet 2005 til 2007, vil me tena nokre kroner på ei omlegging, men dersom ein ser på 2008 isolert vil me ikkje tena noko. Effekten er av utvalet estimert til ca 300.000 kroner for 2005 - 2007 i positiv lei (0,5 %). Dette vil uansett slå tilfeldig ut det einskilde år.

Her kan ein gjerne vera prinsipiell, det å leggja til rette for næringsliv, for derved å få att noko selskapsskatt, bør vera rett.

Samanhengen i at dei kommunar som har store inntekter frå selskapsskatt, gjerne har høg skatt pr ibuar, kanskje og eit høgt grunnlag for inntekter utanom dette skattesystemet, tilseier ein motsett konklusjon, ei statleggjering av selskapsskatten.

Effekt:

Selskapsskatten fører til at inntektsforskjellene blir større. Storbyar med mange hovedkontor tener på dette.

Rammetilskot mm

Distriktpolitisk tilskot:

Forslag til omlegging:

Regionaltilskuddet vert erstatta med et distriktpolitisk tilskudd. Nytt.

Regionaltilskotet blir i dag gjeve til alle kommunar med mindre enn 3.000 ibuarar, som har mindre enn 110 % skatteinntekt i høve landsgjennomsnittet, og som ligg innanfor området for distriktpolitiske verkemidlar. For kommunar som har mellom 3.000 og 3.200 ibuarar, blir regionaltilskotet trappa gradvis ned til 0 når dei når 3.200 (20 % pr

50 innbyggjarar). I NordNorge var satsen kr 9.970.000 for kvar kommune i 2007, i SørNorge kr 5.083.000, som vart auka til kr 5.296.000 for 2008. Dette utgjør for Fitjar nær 5,4 % av totale frie inntekter.

Intensjon:

Innstillinga legg opp til at alle landets kommunar skal sikrast gode levevilkår og det skal kompensast for fråflytting. Livsvilkåra i ein fråflyttingskommune skal minst vera på nivå med ein gjennomsnittskommune.

For å ivareta dette er det laga ein distriktspolitisk indeks (distriktsindeksen) for alle kommunar som ligg inne i området for distriktspolitiske verkemidlar. Indeksen er basert på 11 indikatorar som fangar opp demografi, geografi, arbeidsmarknad og inntekt. På grunnlag av dette blir det laga ein indeks frå 0 til 100. Høg verdi tilseier få distriktspolitiske utfordringar. Bruken av indeksen vert skjønnsmessig vurdert mellom kommunar for å sikra større samanhengande sonar.

Nytt distriktspolitisk tilskot.

Det nye tilskotet er knytt til sonane for regionalpolitiske verkemidlar, der det vert gjeve mest til kommunar i høgast sone (Nord Norge). Nokre område i Sør Norge blir og rekna likt med Nord Norge.

Grensa på 3.000 ibuarar blir oppheva, og inntektsgrensa på 110 % av landsgjennomsnittet blir løfta til 120 %.

Alle kommunar med distriktsindeks under 35 får fullt tilskot. Tilskotet blir nedtrappa for kommunar i sone III med indeks mellom 35 og 46, som får reduserte tilskot, avtrappande med aukande indeks. Kommunar med indeks over 46 taper alt. Det medfører at mange kommunar i Sør Norge med frå 3.000 – 7.000 innbyggjarar får dette tilskotet, og dermed auka inntekt. Om lag 20 kommunar i sone III som i dag har regionaltilskot, misser dette heilt eller delvis, mellom dei Fitjar.

Effekt:

Mer til kommunene i nord, og til fleire næringssvake kommunar i sør.

Mindre til sårbare kommuner i sør, som Fitjar, Samnanger, Fedje, Bokn, Kvitsøy og Utsira som mister store deler av tilskotet.

Fitjar har ein indeks på 45, dvs rett under maksimumsgrensa, og mister om lag 83,5 % av regionaltilskotet. Tapet utgjør 4,5 % av frie inntekter, ca 4,4 mill med 2008 tal.

Mi meining:

Regionaltilskotet er målretta og treffsikkert og eg vil på det sterkeste tilrå at denne ordningen blir vidareført. I motsatt fall må driftsbudsjettet til kommunen reduserast ytterligere med 4,4 mill kroner over tid.

Eg kan vanskelig forstå denne omlegginga. Bokn, Utsira, Kvitsøy og Fedje, Fitjar og Samnanger er neppe robuste kommunar som uten vanskar kan tilpasse seg det nye inntektsnivået. Kva då med intensjonen om at alle kommunane skal sikrast gode levevilkår?

For fleire av desse kommunane kan det nye inntektsnivået, representert særskilt ved tap av regionaltilskotet, medføre at kommunen ikkje er levedyktig.

Fitjar som har svært avgrensa inntektpotensiale ut over skatt og rammeoverføringar, vil ha svært stor risiko for avvikling av store deler av tenestetilbodet over tid.

Noko av tapet vil bli nedtrappa gjennom INGAR, og noko kan bli kompensert gjennom auka skjønnsstilskot, men det første er ei nedtrapping over tid, og det andre er høgst usikkert kor mykje som kan oppretthaldast over tid.

Nord Norge tilskotet:

Ikkje relevant for Fitjar å kommentera.

Vekst og fråflytting:

Fleirtalet ynskjer å få til et meir forutseieleg system enn det me har i dag. Ordninga med oppdatert folketall midt i budsjettåret (basert på tal 1 januar, kjent i februar/mars) blir foreslått avvika, og tal pr 1 juli året før blir lagt til grunn.

Effekt:

Forutseieleg for alle, og dermed lettare å budsjettera. Unngår tilpassingar midt i budsjettåret.

Kommunar med høg vekst vil få en eigen vekstkompensasjon.

Mi meinig:

Fornuftig omlegging, men det blir ikke lagt opp til nokon automatisk kompensasjonsordning for dei kommunane som har minkande folketal. Det kan medføre at forskjellane vil auka, men me vil få litt meir tid på oss til å justere aktiviteten, då tala er kjende til budsjettprosessen om hausten.

Vekst og fråflytting bør kompenserast, hvis ikke vil inntektene gå som ein jojo.

Skjønnsmidlar:

Dagens skjønnsstilskot i inntektssystemet er meint å ivareta ulike tilhøve som elles ikkje vert fanga godt nok opp i inntektssystemet, herunder kompensasjon for overgangsproblem i samband med tidlegare endringar i inntektssystema (overgangsordningar). Dessutan blir skjønnsmidlar nytta til å ivareta regional- og distriktpolitiske omsyn.. Fylkesmennene ivaretek fordelinga internt i kvart fylke. Totalt var det i 2007 1.497 mill til skjønnsmidlar, av dette 313 mill for differensiert arbeidsgjevaravgift(DAA), og kr 213 mill for tap ved tidlegare endringar i inntektssystemet.

Det blir som ei målsetting lagt opp til at dei fleste overføringane skal tildelast gjennom faste kriteriar, og mindre ved skjønn.

Kompensasjon for tap av endringar i inntektssystemet vert foreslått teke bort.

Det samme gjeld eit skjønsmessig tal på 115 mill som vert definert som distriktpolitisk tilskot, og gjeld fylka Finnmark, Troms, Nordland, Nord Trøndelag, og Sogn og Fjordane. Hordaland ser ut til å få behalda ramma, med unntak av overgangsordningane.

Skjønsspotten blir mindre og skal kun nyttast til heilt spesielle lokale forhold som oppstår i løpet av året som det ikke er teke høgde for i dei ordnære tildelingane, som til dømes:

kompensasjon for spesielle lokale forhold

kompensasjon for ekstraordinære hendingar i budsjettåret

kompensasjon til kommunar som har høge kostnader til fritidsbustader (etter dokumentasjon)

bidrag til utviklingsprosjekt for betre kvalitet og effektivitet i tenesteproduksjonen, hjelp til kommunar på ROBEK lista, etter særskilt vurdering og krav til plan for å oppnå økonomisk balanse

Effekt:

Det vil sikre eit inntektssystem med fleire kjente kriterier. Lett å etterprøva. Ulempene vil oppstå for dei kommunane som har eit høgt skjønnsstilskot i dag.

Verknad for Fitjar:

Me taper kompensasjonen for endringar i inntektssystemet, kr 600.000 for 2006, kr 700.000 for 2008. Samla har me 3,0 mill for 2008, ein auke frå 2007 med kr 300.000. Realiteten for oss er at me har vore og vil framleis vera heilt avhengige av ei stor skjønnsramme for å kunna saldera eit budsjett. Tap på kompensasjonen for endringar i inntektssystemet er drege inn i vurderinga av den generelle delen av det nye systemet. Den resterande delen, kr 2.3 mill kan bli oppretthalden, bli redusert eller auka, avhengig av kor stor ramme Hordaland får, og korleis fylkesmannen vurderer Fitjar sin situasjon. Risikoen for Fitjar er at me kan tapa meir på skjønnsmidlar enn det utvalet har vurdert i talmaterialet.

Overgangsordning (INGAR).

Det er foreslått ei ordning med ein ny kompensasjonsmodell, kalla INGAR, som skal sikra at ingen kommunar taper meir i rammetilskot enn eit bestemt beløp pr ibuar pr år, sett i høve til gjennomsnittleg auke på landsbasis. Utvalet foreslår kr 300 pr ibuar pr år.

Alle kommunar skal bidra likt pr ibuar for å finansiera modellen (kostnaden med finansiering (anslått til kr 80) kjem såleis i tillegg til dei kr 300).
INGAR er ikkje tidsbestemt, dvs at kompensasjonen over tid vil vera avhengig av tala for den einskilde kommune kvart år, sett i høve til tala på landsbasis.
Modellen viser berre tala for 1. år, men vil gje ei uspesifisert nedtrapping kvart år, etter fråtrekk for finansiering, for dei kommunane som taper på rammetilskotet på sikt.

INGAR er føresett å gje ein kompensasjon for Fitjar på kr 1.247 pr ibuar, eller vel kr 3,6 mill for første år etter omlegging.

Ordninga er truleg betre enn ei rein lineær nedtrapping, men mindre forutseibar.

"Kalkulerte" konsekvensar for Fitjar av forslaget:

Regionaltilskot og distriktpolitiske verkemidlar (2006 tal)	tap	kr
4.100.000		
Kompensasjon omlegging av inntektssystemet fordelt i skjønnsmidlane	tap	kr
600.000		
(kr 700.000 i 2008)		
Reversert selskapsskatt og auka utjevning	vinst	kr
720.000		
(men det vil ikkje vera korrekt med 2008 tal)		
Trekk vekstkompensasjon	tap	kr
80.000		
Oppdatering av folketal pr 1 juli	<u>tap</u>	<u>kr</u>
<u>420.000</u>		
Samla verknad for Fitjar i 2006	Tap	kr
4.520.000		

Berekninga er avhengig av kva innbyggjartal som vert lagt til grunn, slik at dei er "omtrentlege". Talet som utvalet nyttar er kr 4.495.000.

Det er knytt risiko til resten av skjønnsstilskotet, 2,3 millionar, "vinsten" ved omlegging av selskapsskatten, og flytting av skjeringstidspunkt for rammetilskot (begge vegar)
Med tal pr 2008 vil dette tapet kunna auka til om lag 7,0 mill, i tilfelle heile skjønnsstilskotet fell bort.

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Fitjar kommune meiner innstillinga frå Sørheimutvalet inneheld både positive og negative element.

Kommunen vil, basert på ei totalvurdering, gå sterkt imot den foreslåtte omlegginga i inntektssystemet.

Eit nytt inntektssystem bør sikra nokonlunde samme inntektpotensiale totalt sett for kvar ibuar uavhengig av kvar dei bur i landet, og/eller eit tryggleiksnett som gir ein viss kompensasjon for ulikt inntektpotensiale.

Det foreslåtte systemet har potensiale for å auka skilnadene, snarare enn å minka dei.

Tryggleiksnettet blir redusert gjennom at regionaltilskotet vert teke bort og skjønnsmidlane redusert.

Vårt mest vesentlege atterhald gjeld at innstillinga ikkje tek omsyn til dei store skilnadene i inntektpotensialet ut over inntektssystemet. Inntektssystemet aukar skilnaden mellom rike og fattige kommunar dersom inntekter utanom systemet ikkje blir teke omsyn til.

Regionaltilskotet har vore inntektsutjevande og treffsikkert, og bør oppretthaldast for dei 20 kommunane som fell utanfor det distriktpolitiske tilskotet i større eller mindre grad.

Forslaget vil truleg medføra at desse kommunane vanskeleg kan oppretthaldast som eigne kommunar.

Fitjar kommune vil kommentera dei einskilde elementa i forslaget slik:

Me går imot omlegginga til distriktspolitisk tilskot som skissert.

Me har ingen merknader til omlegginga av selskapsskatten

Me vil gå inn for omlegginga av utjevninga, dersom ein likevel legg om systemet.

Me går inn for endring av "avrekningsdato" for folketal til 1 juli.

Me går inn for at skjønnsmidlane bør bestå.

Ein vekstkompensasjon ved sterk auke i folketal som foreslått bør tilsei ein tilsvarande tapkompensasjon for redusert folketal

Kompensasjonsordninga INGAR er eit steg i rett retning, men kommunar som får store tap ved omlegginga vil uansett få ei permanent inntekt som ligg under landsgjennomsnittet.

Behandling i Formannskapet 23.01.2008:

Rådmann Atle Tornes orientert i møtet.

Tilråding i Formannskapet 23.01.2008 : (Samrøystes)

Fitjar kommune meiner innstillinga frå Sørheimutvalet inneheld både positive og negative element.

Kommunen vil, basert på ei totalvurdering, gå sterkt imot den foreslåtte omlegginga i inntektssystemet.

Eit nytt inntektssystem bør sikra nokonlunde samme inntektpotensiale totalt sett for kvar ibuar uavhengig av kvar dei bur i landet, og/eller eit tryggleiksnett som gir ein viss kompensasjon for ulikt inntektpotensiale.

Det foreslåtte systemet har potensiale for å auka skilnadene, snarare enn å minka dei.

Tryggleiksnettet blir redusert gjennom at regionaltilskotet vert teke bort og skjønnsmidlane redusert.

Vårt mest vesentlege atterhald gjeld at innstillinga ikkje tek omsyn til dei store skilnadene i inntektpotensialet ut over inntektssystemet. Inntektssystemet aukar skilnaden mellom rike og fattige kommunar dersom inntekter utanom systemet ikkje blir teke omsyn til.

Regionaltilskotet har vore inntektsutjevande og treffsikkert, og bør oppretthaldast for dei 20 kommunane som fell utanfor det distriktspolitiske tilskotet i større eller mindre grad.

Forslaget vil truleg medføra at desse kommunane vanskeleg kan oppretthaldast som eigne kommunar.

Fitjar kommune vil kommentera dei einskilde elementa i forslaget slik:

Me går imot omlegginga til distriktspolitisk tilskot som skissert.

Me har ingen merknader til omlegginga av selskapsskatten

Me vil gå inn for omlegginga av utjevninga, dersom ein likevel legg om systemet.

Me går inn for endring av "avrekningsdato" for folketal til 1 juli.

Me går inn for at skjønnsmidlane bør bestå.

Ein vekstkompensasjon ved sterk auke i folketal som foreslått bør tilsei ein tilsvarande tapkompensasjon for redusert folketal

Kompensasjonsordninga INGAR er eit steg i rett retning, men kommunar som får store tap ved omlegginga vil uansett få ei permanent inntekt som ligg under landsgjennomsnittet.

Behandling i Kommunestyret 23.01.2008:

Vedtak i Kommunestyret 23.01.2008 : (Samrøystes)

Som framlegg.

Atle Tørnes
Rådmann